



Innst. 40 S

(2011–2012)

Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

Prop. 142 S (2010–2011)

Innstilling fra finanskomiteen om samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing og bakgrunn

Det internasjonale valutafondet (IMF) har 187 medlemsland. Organisasjonen står sentralt i det globale samarbeidet om økonomiske og finansielle spørsmål og gir kortsiktige lån og råd til land som blir ramma av økonomiske kriser.

Stortinget samtykte i juni 2008 til at Noreg skulle slutte seg til kvote- og røysterettsreforma som IMF-organa vedtok i april 2008, jf. St.prp. nr. 58 (2007–2008) Om samtykke til endringer av IMF's statutter for å utvide organisasjonens investeringsmandat og for å gjennomføre en reform av kvoter og stemmerett, og om samtykke til en økning av Norges kvote i IMF og Innst. S. nr. 284 (2007–2008). Denne reforma overførte røystevekt frå dei tradisjonelle industrilanda til utviklingsland og framveksande økonomiar og auka røystevekta til låginntektslanda. I mange medlemsland tok det lang tid å ratifisere reforma, og ho tredde først i kraft 3. mars i år.

Finanskrisa synte eit behov for å auke utlånsevna til IMF monaleg. Samstundes ønskte mange at fordelinga av ansvar og innverknad i IMF raskare skulle tilpassast den auka økonomiske og politiske tyngda til framveksande økonomiar. I april 2009 blei IMF sin rådgivande komité av ministre og sentralbanksjeffar, International Monetary and Financial Committee

(IMFC), samd om å gjennomføre ein ny kvoterevisjon innan januar 2011 som eitt av fleire tiltak for å tredoble utlånskapasiteten til IMF. Dette var ei oppfølging av semja i G20 nokre veker tidlegare.

IMF-styret kom til semje om ein samla pakke for reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett 15. november 2010. Grunnlaget var eit opplegg finansministrane og sentralbanksjefane i G20 hadde samla seg om på møtet i slutten av oktober. Guvernørrådet, det øvste organet i IMF, vedtok reformforslaget 15. desember. Reforma aukar forpliktingane og innverknaden til dynamiske, framveksande økonomiar og gir IMF større legitimitet og handlekraft til å gjennomføre oppgåvene sine. Samtidig styrkjer ein tilgangen på lånemidlar kraftig gjennom ei dobling av dei samla kvotane. Innhaldet i og bakgrunnen for reforma er tidlegare omtalt i Meld. St. 21 (2010–2011) Finansmarknadsmeldinga 2010, som blei lagd fram 15. april i år.

Reforma må ratifiserast i medlemslanda før ho kan tre i kraft. I tillegg må kvart medlemsland formelt akseptere sin nye kvote til IMF.

Finansdepartementet tilrår at Stortinget samtykkjer i at Noreg sluttar seg til reforma, jf. forslag til romartalsvedtak. Med det går ein med på at Noreg får kvoten sin auka frå 1 883,7 mill. SDR til 3 754,7 mill. SDR, tilsvarande vel 32 mrd. kroner med valutakursen 14. juni, og ein samtykkjer i ei endring i IMF-statuttane som fjernar ordninga med utpeika styrerepresentantar for dei fem landa med størst røystevekt, jf. vedlegg 1. Dei nye kvote- og røystevektene til medlemslanda er lista opp i vedlegg 2.

I kapittel 6 er det gitt ei kort utgreiing om prosessen med å velje ny administrerande direktør for IMF.

Ein viser til proposisjonen for nærare omtale.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Thomas Breen, Gunvor Eldegard, Irene Johansen, Bård Langsåvold, lederen Torgeir Micaelsen, Torfinn Opheim og Dag Ole Teigen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Leirstein, Jørund Rytman, Kenneth Svendsen og Christian Tybring-Gjedde, fra Høyre, Gunnar Gundersen, Arve Kambe og Jan Tore Sanner, fra Sosialistisk Venstreparti, Inga Marte Thorkildsen, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Kristelig Folkeparti, Hans Olav Syversen, og fra Venstre, Borghild Tenden, viser til at IMF-styret har kommet til enighet om en samlet pakke for reform av styresammensetning, kvoter og stemmerett.

Komiteen viser til at reformen innebærer en overflytting av kvotedeler på seks prosentpoeng fra overrepresenterte til underrepresenterte land, der dynamiske fremvoksende økonomier og utviklingsland blir sterkere representert, blant annet fordi noen fremvoksende økonomier blir mindre overrepresenterte. Komiteen deler vurderingen av at reformen gir IMF større legitimitet og handlekraft til å gjennomføre oppgavene sine. Komiteen viser videre til at man samtidig styrker tilgangen på lånemidler kraftig gjennom en dobling av de samlede kvotene.

Komiteen viser til at det i 2008 ble enighet om en formel for å regne ut hvordan kvotene skal fordeles mellom landene. Under forhandlingene om den nye reformen i 2010 mente mange land, deriblant den nordisk-baltiske valgkretsen, at tildelingen i størst mulig grad skulle være regelbasert med utgangspunkt i den fastsatte kvoteformelen, mens de store fremvoksende økonomiene, sammen med USA, ønsket at kvotene i større grad skulle baseres på BNP enn hva kvoteformelen tilsier. Komiteen viser til at det endelige resultatet er et kompromiss, og at grunnlaget for reformenigheten var et opplegg finansministrene og sentralbanksjefene i G20 tidligere hadde samlet seg om. Komiteen viser til at 60 prosent av økningen tildeles land som har lavere kvote enn kvoteformelen tilsier, mens den resterende delen blir fordelt etter særskilte kriterier, der blant annet BNP har stor vekt. Det siste elementet favoriserer store land. Lavinntektslandene fikk sin stilling ivaretatt gjennom særskilte ordninger.

Komiteen viser til at revisjonen av kvoter og stemmerett også ble kort omtalt i Prop. 58 S (2010–2011), der det het at

«Regjeringa er positiv til at utviklingsland og framveksande økonomiar får ei sterkare rolle i IMF og større kvote- og stemmevekt. Det er viktig at organisasjonen har eit styresett som sikrar global relevans og legitimitet. Kompromisset ein no er samde om, bidreg til dette. Sjølv om ein frå norsk og nordisk-baltisk side kunne ønskje at nokre element i framlegget var annleis, har ein derfor støtta kompromissforslaget.»

Komiteen slutter seg til regjeringens vurderinger av dette.

Komiteen viser til Innst. S. nr. 284 (2007–2008), og understreker også ved denne anledning at reform av internasjonale organisasjoner er en svært krevende prosess. Komiteen er derfor positiv til at IMF-styret har kommet til enighet om reformen, og at Guvernørrådet, IMF's øverste organ, har vedtatt reformforslaget. Norge har tatt til orde for reformer innen IMF, og støtter reformviljen og forandringene som foreslås.

Komiteen viser for øvrig til at innholdet i og bakgrunnen for reformen er tidligere omtalt i Meld. St. 21 (2010–2011) Finansmarknadsmeldinga 2010.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har ellers ingen merknader viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

I

Stortinget samtykkjer i at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i Det internasjonale valutafondet (IMF) i samsvar med omtale i Prop. 142 S (2010–2011).

II

Stortinget samtykkjer i at Noreg godkjenner endring i statuttane til Det internasjonale valutafondet (IMF) for å fjerne ordninga med utpeikte styrerepresentantar i samsvar med omtale i Prop. 142 S (2010–2011).

III

Stortinget godkjenner at Noregs kvote i Det internasjonale valutafondet (IMF) blir auka frå 1 883,7 mill. SDR til 3 754,7 mill. SDR.

Oslo, i finanskomiteen, den 8. november 2011

Torgeir Micaelsen

leder

Dag Ole Teigen

ordfører